


Melding om frittliggjande bygning eller tilbygg som er unntatt søknadsplikt



Del 1 fyllast ut før du startar å byggje/rive.

Del 2 fyllast ut etter at du er ferdig med å byggje/rive.



Skal du både byggje og rive må du fylle ut meldinga to gonger.



Du må sende denne meldinga til kommunen innan 4 veker etter at du er ferdig å byggje/rive.

Denne meldinga består av seks sider. Pass på at du sender heile meldinga til kommunen.

Del 1: Før du startar å byggje/rive

Det er ditt ansvar å finne ut om du har lov til å byggje/rive utan å sende byggjesøknad til kommunen. Før du startar må du difor setje deg inn i planføresegnene til kommunen. Desse kan påverke kva du kan byggje utan å søkje. Byggjer du ulovleg kan det bli dyrt og tidkrevjande å rydde opp i ettertid.

Få hjelp til å finne ut om du kan byggje utan å søkje i våre digitale vegvisarar:


→ [Bygg utan å søkje for tilbygg](#)

→ [Bygg utan å søkje for frittliggjande bygningar](#)

Du kan også få hjelp i [Åtte steg frå idé til ferdig søknad](#)

A. Kva skal du byggje eller rive?

Tilbygg



☐ **Byggje** eit understøtta tilbygg inntil 15 m²


☐ **Rive** eit understøtta tilbygg inntil 15 m²

Dersom du skal byggje:

Kva skal rommet/romma i tilbygget brukast til?

- ☐ **Kun hoveddel** (f. eks. opphaldsrom, stue, soverom, kjøkken, entré, bad, vaskerom, badstue, hobbyrom, arbeidsrom, isolert vinterhage eller gang mellom rom som er hoveddel).
- ☐ **Kun tilleggsdel** (f. eks. bod, oppbevaringsrom, uisolert vinterhage, veranda, teknisk rom og gang mellom rom som kun er tilleggsdel)
- ☐ **Både hoveddel og tilleggsdel**

Frittliggjande bygning



☐ **Byggje** frittliggjande bygning - mindre enn 50 m² og kor ingen skal bu eller overnatte.


☐ **Rive** frittliggjande bygning - mindre enn 50 m² som ikkje er godkjend som bustad eller til overnatting

Kva slags bygning skal du byggje/rive?

- ☐ Garasje eller uthus til bustad
- ☐ Garasje eller uthus til fritidsbustad
- ☐ Fiskeri- eller landsbruksbygning
- ☐ Anna type bygning, beskriv:

Del 2: Etter at du er ferdig med å byggje/rive

**Kommunen treng å vite kor mykje du har bygd/rive.
Oppgi areala som:**




--- AREAL SOM SKAL MÅLAST

Bebygd areal (BYA)

Bebygd areal (BYA) er det arealet som "fotavtrykket" til bygninga eller tilbygget opptek av terrenget.

- Du skal måle arealet frå utsida av ytterveggane, slik at ytterveggane vert rekna med i arealet.
- Du skal ikkje rekne med bygningsdelar som er lavare enn 0,5 m over gjennomsnittleg planert terreng, slik som plattingar.
- Du skal rekne med utkraga bygningsdelar når fri høgde over terreng er mindre enn 5,0 m.

Les mer her [→ byggtেকnisk forskrift TEK17 § 5- 2](#)




--- AREAL SOM SKAL MÅLAST

Bruksareal (BRA)

Bruksareal (BRA) er summen av innvendige areal og opne areal med overbygg.

- Du skal måle arealet frå innsida av ytterveggane. Ytterveggane skal ikkje reknast med.
- Alle rom skal reknast med, sjølv om dei ikkje er innreia.
- Opne overbygde areal skal reknast med, slik som carport og inngangsparti. Arealet målast innanfor dei berande søylene.
- Er deler av romhøgda under 190 cm er det ikkje sikkert heile arealet skal reknast med.

Les meir her [→ byggtেকnisk forskrift TEK17 § 5- 4](#)




--- AREAL SOM SKAL MÅLAST

Bruttoareal (BTA)

Bruttoareal (BTA) er summen av innvendige areal pluss ytterveggane.

- Du skal måle arealet frå utsida av ytterveggane, slik at ytterveggane vert rekna med i arealet.
- Du skal berre rekne med areal av bygningar og tilbygg som har både vegger og tak.
- Du skal ikkje rekne med arealet frå:
 - opne overbygde areal, slik som carport og inngangsparti.
 - andre opne areal, slik som terrassar og verandaer.

B. Send inn kart over det som er bygd/rive




1

Finn fram eit kart over eigdommen din.

Du kan bruke:


- situasjonskart frå kommunen
- kart frå nettsida til kommunen
- kartutsnitt frå [→ seeiendom.no](https://seeiendom.no)



EIGEDOM GARASJE RIVE

2

Dersom du har rive ei bygning eller eit tilbygg, set du kryss over det du har rive.



EIGEDOM NYBYGG 1 M

3

Bruk linjal for å teikne inn eit omriss av bygninga eller tilbygget på kartet

Mål opp og skriv inn kortaste avstand frå det du har bygd/rive til:

- næraste nabogrense
- næraste bygning på eigen eigedom



4

Send inn kartet som viser det du har bygd/rive til kommunen saman med dette skjemaet.

C. Arealet på tilbygget eller den frittliggjande bygninga

Tilbygg

Antall etasjer du har bygd/rive:

Oppgi nøyaktig areal for det du har bygd/rive:

BYA (totalt)

m²

BRA (totalt)

m²

BTA 1. etasje

m²

BTA 2. etasje

m²

Frittliggjande bygning

Oppgi nøyaktig areal for det du har bygd/rive:

BYA

m²

BRA

m²

BTA

m²

D. Dato for ferdigstilling

Skjemaet skal sendast til kommunen seinast 4 veker etter at du er ferdig med å byggje eller rive.

Datoen du var ferdig med å byggje/rive

2 0

E. Kva eigedom har du bygd/rive på?

Adresse:

Postnr/stad:

Kommune:

Gardsnr:

Bruksnr:

Festenr:

Seksjonsnr:

F. Namn og kontaktinformasjon

Namn:

E-post:

Telefon:

Mobil:

Adresse (om du bur ein annan stad enn der du har bygd/rive):

☐

Eg har lagt ved eit kart over eigedommen der eg har teikna inn et omriss av det eg har bygd/rive. På kartet har eg oppgitt kor mange meter det er frå det eg har bygd/rive til næraste nabogrense og kor mange meter det er til næraste bygning på eigedommen.

G. Underskrift

Dato:

Underskrift:

Denne meldinga består av seks sider. Pass på at du sender heile meldinga til kommunen.